



FITJAR

Fitjar kommune

# ► **Kommunedelplan for vassforsyning, avløpshandtering og vassmiljø 2020-2030**

Planprogram

Oppdragsnr.: 5184491 Dokumentnr.: 01 Versjon: D02 Dato: 2019-01-04





**Oppdragsgjevar:** Fitjar kommune  
**Oppdragsgjevares kontaktperson:** Tore Nesbø  
**Rådgjevar** Norconsult AS, Valkendorfgate 6, NO-5012 Bergen  
**Oppdragsleiar:** Johan M Hansen  
**Fagansvarleg:** Ingrid Vatne

D02	2019-01-04	Høyringsutkast	Ingrid Vatne	Johan M Hansen	Johan M Hansen
Versjon	Dato	Omtale	Utarbeidd	Fagkontrollert	Godkjent

## Innhold

<b>1</b>	<b>Bakgrunn for planarbeidet</b>	<b>4</b>
1.1	Føremål med planprogrammet	4
1.2	Sentrale og lokale rammevilkår	4
1.3	Status for vassforsyning	5
1.4	Status for avløp og vassmiljø	5
1.5	Status for organisasjonen	6
<b>2</b>	<b>Mål</b>	<b>7</b>
2.1	Målsettingar for planarbeidet	7
2.2	Målsettingar for vassforsyninga	7
2.3	Målsettingar for avløpshandteringa	7
<b>3</b>	<b>Program for planarbeidet</b>	<b>8</b>
3.1	Utfordringar og problemstillingar – felles for begge planane	8
3.2	Utfordringar og problemstillingar – vassforsyning	8
3.3	Utfordringar og problemstillingar -avløp og vassmiljø	8
3.4	Utgreiingstema	9
3.5	Konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalyse	10
<b>4</b>	<b>Planprosess</b>	<b>11</b>
4.1	Organisering	11
4.2	Medverknad	11
4.3	Fasar i planarbeidet	11
4.4	Framdrift	11



FITJAR

## 1 Bakgrunn for planarbeidet

Hovudplan for vassforsyning 1995-2010 og hovudplan for avløp 1997-2010 for Fitjar kommune skal rullerast. Planane skal fungere som eit overordna styringsverktøy for vatn, avløp og vassmiljø i kommunen, og skal legge til rette for berekraftig og langsiktig forvaltning av infrastrukturen, samt best mogleg samordning med andre samfunnsaktørar.

Planane for vassforsyning og avløpshandtering utarbeidast som kommunedelplanar. Dei skal vere i samsvar med gjeldande kommuneplan for Fitjar, samt krav i sentralt og lokalt regelverk og føringar. Nye planar utarbeidast gjennom ein felles planprosess, men som to plandokument. Planperioden vert 2020-2030.

Hovudfokus i kommunedelplan for vassforsyning er å legge til rette for gode og framtidretta løysingar for å kunne levere nok og godt vatn til ei kvar tid til alle abonnentane, samt slukkevatn ved brann.

Hovudfokus i kommunedelplan for avløp og vassmiljø er å legge til rette for gode og framtidretta løysingar for oppsamling, transport og reinsing av avløpsvatn frå alle abonnentane. Vurderingar kring overvasshandtering, til dømes føringar for reinsing og lokal overvasshandtering, vert ein del av planarbeidet. Vidare skal ein ha fokus på arbeid etter vassforskrifta, der ein har mål om å oppnå og oppretthalde god økologisk og kjemisk tilstand i alle vassførekomstar i kommunen.

### 1.1 Føremål med planprogrammet



Kommunedelplanane for vassforsyning og avløp/vassmiljø skal ha status som kommunale temaplanar etter plan- og bygningslova, noko som mellom anna inneber at ein utarbeider eit planprogram for arbeidet (dette dokumentet).

Planprogrammet skal klargjere formål med kommunedelplanane, samt avklare rammer og premiss for arbeidet. Det skal vidare avklarast kva tema og problemstillingar som er knytt til planarbeidet, og kva for utgreiingar som må utførast i planperioden. Det vert òg gjort greie for

planprosessen med framdriftsplan, fristar og opplegg for medverknad.

I den grad planane kan få vesentlege verknader for miljø, samfunn og arealbruk, skal planskildringane innehalde konsekvensutgreiing.

I høyringa av planprogrammet ynskjer ein å få fram om det er andre tema som bør vera med i planen, og/eller om det er særlege verdiar og interesser det må takast omsyn til.



Figur 1: Førre planar for vatn og avløp i Fitjar.

### 1.2 Sentrale og lokale rammevilkår

Både sentrale og lokale lover og forskrifter gir føringar for korleis vass- og avløpshandteringa skal styrast. Det same gjer regionale og lokale planar, samt retningslinjer, rettleiingar og andre dokument på nasjonalt, regionalt og lokalt nivå. I



det følgjande er dei viktigaste trekt fram. Ein gjer merksam på at oversikta ikkje er uttømande.

### Nasjonalt lovverk og retningsliner

- Plan- og bygningslova med byggteknisk forskrift
- Forskrift om byggesak
- Forskrift om rammer for vassforvaltninga (vassforskrifta)
- Forskrift om vassforsyning og drikkevatt (drikkevassforskrifta)
- Forskrift om avgrensing av forureining (forureiningsforskrifta)
- Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg
- Internkontrollforskrifta (IK-MAT)
- Naturmangfaldslova
- Lov om vassdrag og grunnvatn (vassressurslova)
- Kulturminnelova
- Lov om vern mot forureiningar og avfall (forureiningslova)
- Rettleiarar frå Norsk Vann, m.a. 162/2008 *Veiledning i klimatilpasset overvannshåndtering*
- Rettleiarar frå Direktoratet for Samfunnstryggleik og Beredskap m.a. *Samfunnssikkerhet i kommunens arealplanlegging*

### Regionale planar og føringar

- Regional plan for klima og energi 2014-2030
- Regional plan for vassregion Hordaland 2016-2021
- Regional Kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger, vedteken 2018
- Interkommunal strandsoneplan for Sunnhordland (under arbeid)

### Kommunale planar og føringar

- VA-norma for Fitjar kommune, med vedlegg
- Kommuneplan for Fitjar: Arealdel (2011-2022) og samfunnsdel (1999)
- Planstrategi for Fitjar kommune for perioden 2016-2019
- Reguleringsplanar

- Fitjar brannvesen, Risiko- og sårbarheitsanalyse, 2016.
- ROS for Stord og Fitjar, 2014.
- ROS for drikkevassforsyninga
- Klima- og energiplan for Fitjar kommune
- Utsleppsløyve for avløpsvatn
- Forskrift om utslepp av sanitært avløpsvatn frå mindre avløpsanlegg, Stord og Fitjar kommunar

### 1.3 Status for vassforsyning

Fitjar kommune har 3203 innbyggjarar (per november 2018). Om lag 2500 av desse har kommunal vassforsyning frå Rimbareid vassbehandlingsanlegg, der Svartavatnet er kjelda. Analyseresultat syner god kvalitet på reinsa drikkevatt. I forsyningsnettet er det eit høgdebasseng plassert mellom Tislevoll og Dåfjorden, samt eit utjammingsbasseng ved vassbehandlingsanlegget.

Ein god del av produsert drikkevatt forsvinn grunna lekkasjar i leidningsnettet. Lekkasjenivået ligg på om lag 30 %, noko som er høgt, men på linje med andre kommunar ein kan samanlikne seg med. Vassforbruket er halvert i løpet av dei siste femten åra, ved at ein har oppdaga og utbetra lekkasjar. Det er likevel behov for å oppretthalde arbeidet med lekkasjesøk og utbetringar av leidningsnettet.

Hovudutfordringane er knytt til forsyningsikkerheit frå vasskjelda, reinsekapasitet ved vassbehandlingsanlegget og brannvasskapasitet. Vidare er vasskvaliteten varierende for innbyggjarar som ikkje er tilknytt den offentlege vassforsyninga, og det bør vurderast behov for utviding av det kommunale forsyningsnettet.

### 1.4 Status for avløp og vassmiljø

Fitjar kommune har offentleg avløp i sentrum av Fitjar, ved Årskog, Vestbøstad Fiskarneset og i Koløy. Kommunalt anlegg består av leidningsnett og seks reinseanlegg: silanlegg i Hamn og Koløy, og slamavskiljarar på Vestbøstad, Årskog og på Fiskarneset. Silanlegget i Koløy skal sanerast og det skal etablerast slamavskiljar før planperioden.

Det er også eit større privat leidningsnett med privat reinseanlegg på Kråko.

Slam vert handsama av SIM (Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS) ved utandørs rankekompostering i Svartasmoget, før restproduktet nyttast som dekkemateriale.

Oppsamlingssystema består av separatsystem, samt i nokon grad fellessystem der spillvatn (sanitært avløpsvatn) og overvatn transporterast i same leidning. Dei delane av nettet som er separatsystem, har også tilført overvatn (framandvatn) i ulik grad grunna feilkoplingar og utette leidningar. Dette er ei utfordring ved reinsing, då reinseanlegg vert overbelasta og ein får større forureiningsutslepp. Ved overbelastning på leidningsnettet, vil ein få meir overløpsutslepp.

I hovudsak er utfordringar knytt til avløpshandtering at det er fleire ureinsa kommunale avløpsutslepp og tidvis mykje framandvatn.

Enkelte innelukka pollar og sund med dårleg vassutskifting har dårleg vasskvalitet. Desse bør ikkje belastast med forureining, til dømes avløpsvatn. I første omgang er det nødvendig med vassmiljøundersøkingar i noverande og evt. framtidige resipientar for avløpsvatn Dette for å oppdatere kunnskapsgrunnlaget og slik kunne planlegge tiltak vidare.

## 1.5 Status for organisasjonen

Kartverk for leidningsanlegg/VA-installasjonar er ikkje fullstendig oppdatert. Dette er ei utfordring, mellom anna i planarbeid. Oppdatering av kartverket og kvalitetsheving av eksisterande data i databasen jobbast med parallelt med planarbeidet. (ved DiHVA, driftsassistansen i Hordaland for VA).

Det er truleg behov for ekstra stillingar i driftsavdelinga, dersom ein skal kunne drive meir aktivt lekkasjesøk på drikkevassnettet og søk etter framandvatn på avløpsnettet.

Tilgong på personell vurderast elles som god, då ein har godt samarbeid mellom Tekniske tenester og andre faginstansar: planavdelinga, landbruk/miljø m.v.



FITJAR

## 2 Mål

Kommunedelplan for vassforsyning og avløpshandtering skal vere det politiske og administrative styringsverktøyet for vassforsyning, avløp og vassmiljø i kommunen. Planen skal støtte opp under den til ei kvar tid gjeldande arealbruken i kommunen, og det skal utarbeidast tiltaksplan som vert innarbeidd i kommunen sitt langtidsbudsjett/økonomiplan.

Kommunens ynskje om å rullere hovudplanar for vassforsyning og avløpshandtering (vassmiljø, overvann) er at ein ser det som nyttig å ha eit overordna styringsverktøy for VA. Dette for å legge til rette for moglegheiter, unngå hasteavgjerder i planlegginga, til dømes ved etablering av annan infrastruktur.

### 2.1 Målsettingar for planarbeidet

Gjennom planarbeidet skal ein

- Avklare behov for ny infrastruktur for vassforsyning, avløpshandtering og overvatn med rangering og framdrift, til dømes høgdebasseng, reservevasskjelde og leidningsnett. Dette vil gjelde både i nye utbyggingsområde, og i tettbygde område utan tilfredsstillande fellesløyser for vassforsyning, avløp- og overvatn.
- Avklare i kva grad leidningsnettet for vatn og avløp skal sanerast for å redusere høvesvis vasslekkasjar og framandvassmengder.
- Avklare behov, rangering og framdrift for vedlikehald og fornying av eksisterande anlegg, herunder leidningsnett, pumpestasjonar og reinseanlegg.

### 2.2 Målsettingar for vassforsyninga

Hovudmålet for vassforsyning i Fitjar kommune er å levere trygt vatn, godt vatn og nok vatn til abonnentane, til ei kvar tid.

I planarbeidet skal ein formulere delmål som støtter opp under hovudmålet, og som blir styrande for handlingsplanen i kommunedelplanen.

Delmåla vil vere innanfor områda vasskvalitet, forsyningstryggleik, kapasitet, økonomi m.v.

### 2.3 Målsettingar for avløpshandteringa

Hovudmåla for avløpshandteringa i Fitjar kommune er at avløpsvatn skal handterast på ein slik måte at vassmiljøet i resipientane ikkje vert forringa, og at ein skal kunne gjenbruke ressursar (slam). Hovedmåla skal utformast med bakgrunn i mål i vannforskriften Det skal leggjast føringar for håndtering av overvatn der føringane sikrar oppsamling og transport av overvatnet på ein god måte. .

I planarbeidet skal ein formulere delmål som støtter opp under hovudmålet, og som blir styrande for handlingsplanen i kommunedelplanen.

Delmåla vil vere innanfor områda vassmiljø, oppsamling og transport av avløpsvatn, reinsing og utslepp, økonomi m.v. Overvasshandtering skal forankast i plan for avløp og vassmiljø.



FITJAR

## 3 Program for planarbeidet

### 3.1 utfordringar og problemstillingar – felles for begge planane

#### 3.1.1 Klimaendringar

I framtida vil det kome kraftigare og hyppigare ekstremnedbør som følgje av eit meir ustabil klima. Handtering av overvatn med utforming og dimensjonering av leidningsnett er eit viktig tema i planarbeidet. Korleis klimaendringar kan påverke forsyningsikkerheita til vassforsyninga skal også drøftast i planarbeidet.

#### 3.1.2 Leidningsnett – tilstand og tiltak

Dårleg tilstand på vass- og avløpsleidningsnett fører til lekkasjar både inn og ut av leidningar, forureining, sløsing med energi, leidningsbrot, overfløyming, kapasitetsproblem og andre driftsproblem. Mykje av drikkevatt som lek ut av utette vassleidningar lek inn i utette avløpsleidningar. Det vil seie at ein må reinse og transportere meir drikkevatt og avløpsvatn enn det som er naudsynt.

Kontinuerleg arbeid med fornying av leidningsnett er ein føresetnad for å oppretthalde funksjonen. Strategiar og metodar for ei effektiv og ressursvenleg fornying av leidningsnett skal drøftast i planarbeidet.

#### 3.1.3 Vidare utbygging av leidningsnett

Kommunedelplan for vassforsyning og avløp/vassmiljø skal definere framtidige område med offentlege vass- og avløpsnett i Fitjar. Planen skal legge til rette for infrastruktur i samsvar med utbyggingsmønsteret i gjeldande arealplanar i kommunen.

#### 3.1.4 Energiforbruk og berekraft.

Framtidsretta og berekraftige løysingar for vassforsyning og avløp skal leggest til grunn ved vidare utbygging av vassforsyninga og avløpsanlegga i kommunen.

#### 3.1.5 Driftsmessige tilhøve

Driftssituasjonen med omsyn til arbeidstilhøve og økonomi skal vurderast i planarbeidet.

#### 3.1.6 Gebyr

Prognose for gebyr for vassforsyning og avløp inngår som ein del av planarbeidet. Gebyra reknast ut på grunnlag av gjeldande regelverk for utrekning av sjølvkost for kommunale betalingstenester.

### 3.2 utfordringar og problemstillingar – vassforsyning

#### 3.2.1 Krav til vasskjelder og vasskvalitet

Kommunedelplanen skal legge til rette for at krava i drikkevassforskrifta og anna tilhøyrande regelverk vert stetta i eit langt tidsperspektiv, særleg med omsyn til framtidig klimapåverknad og eventuelle endringar i regelverket.

Tilstanden i hovudvasskjelda, Svartavatn, er god, men forsyningsikkerheiten i kjelda og reinsekapasitet i reinseanlegget må vurderast. Gjennom planarbeidet skal ein utgreie og gjere val om framtidig løysing for vassforsyning.

#### 3.2.2 Forsyningsnett

Forsyningsnett skal utviklast vidare for å trygge vassforsyninga og sikre stabile leveransar av drikkevatt utan avbrot. I tillegg bør/skal hovudnett ha kapasitet til å levere slokkevatn.

### 3.3 utfordringar og problemstillingar - avløp og vassmiljø

#### 3.3.1 Miljøtilstand i resipientane

Resipientundersøking av dei marine resipientane i Fitjar har ikkje vore utført sidan 2000, og bør undersøkast på nytt. Fitjar er ein del av Vassregion Hordaland og det er utarbeidd regional forvaltningsplan og tiltaksprogram for vassførekomstane, der det er sett mål om at kystvatn, innsjøar og elvar skal oppnå god miljøtilstand innan 2021 (nokon for 2027).





Nokre vassførekomstar er sårbare frå naturen si side grunna dårleg vassutskifting. Dåfjorden og Hellandsfjorden i Fitjar er døme på det, og er derfor lite eigna som resipientar for avløpsvatn.

### 3.3.2 Val av reinsemetode

Fitjar kommune har krav om reinsing etter kap. 13 i forureiningsforskrifta. Reinsekrava oppfyllest vanlegvis ved mekanisk reinsing, det må likevel gjerast tilleggsvurderingar knytt til resipientkapasitet og avløpsvatnets samansetting som ein del av planarbeidet.

### 3.3.3 Overløpsproblematikk

Hydraulisk belastning er ein viktig parameter for dimensjonering av reinseanlegg, og separeringstiltak på leidningsnettet bør settast inn etter kost/nytte-vurdering. Overvaking og kontroll av overløp er då ein føresetnad.

## 3.4 Utgreiingstema

Kommunedelplan for vassforsyning og avløp er i utgangspunktet ein temaplan utan konkrete arealtiltak, men med prinsippavklaringar og forslag til handlingsplan. Handlingsplanen vil innehalde konkrete tiltak som kvar for seg vil kunne krevje ulik handsaming. Tiltak som kan få vesentlege konsekvensar for miljø og samfunn skal konsekvensutgreiast.

Prognosar for innbyggjartal og framtidig arealbruk i Fitjar kommune vil danne grunnlag for planlegging av framtidig anleggsstruktur for vassforsyning og avløp i kommunen.

Planen blir ei vidareføring av tidlegare hovudplanar, der ein ser på status og gjennomførte tiltak frå førre plan, reviderer målsetjingar, samt reviderer handlingsplan og gebyrprognose. Aktuelle hovudtema, identifisert i oppstartsfasen av planarbeidet, går fram av det etterfølgjande. Behovet for ulike utgreiingar vil bli nærare vurdert i det vidare planarbeidet, i samband med ferdigstilling av analysar av grunnlagsmateriale og fastsetjing av planprogram.

### 3.4.1 Vassforsyning

For vassforsyning er aktuelle tema for utgreiingar og vurdering:

- Plassering av og storleik på høgdebasseng for auka forsyningstryggleik.
- Brannvasskapasitet i leidningsnettet
- Auka reinsekapasitet ved vassbehandlingsanlegget
- Utviding av forsyningsområdet for hovudvasskjelda Svartavatn (auke antall abonnentar ved utviding av leidningsnett).
- Mogleg alternativ vassforsyning ved utfall av Svartavatn
- Vurdere ulike tiltak for lekkasjereduksjon, og omfang av dette
- Vurdere behov for fornying av leidningsnett, samt å prioritere tiltaksrekkefølge for dette
- Vurdere behov for vassmålarar hjå ulike abonnentar
- m.v.

### 3.4.2 Avløp og vassmiljø

For avløpshandteringa er aktuelle tema for utgreiingar og vurdering:

- Resipientundersøkingar
- Anleggsstruktur
- Vurdere gjeldande utsleppsløyve (primært kommunalt)
- Opprydding i ureinsa kommunale avløpsutslepp -tiltaksplan for utbygging og sanering
- Regulering av private utslepp (praksis for tilsyn og pålegg, evt. tilknytning til offentlege anlegg)
- Vurder eulike tiltak for reduksjon av framandvassmengder, og omfang av dette.
- Vurdere behov for fornying av leidningsnett, samt å prioritere tiltaksrekkefølge for dette.
- m.v.



FITJAR

### 3.5 Konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalyse

Plan- og bygningslova set krav om konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalyse for planar som set av område til utbyggingsføremål. Det vil difor utarbeidast konsekvensutgreiing og risiko- og sårbaranalyse av nye område for tomt til høgdebasseng og evt. andre anlegg. Utgreiingstema for konsekvensutgreiing vil vere:

- Folkehelse: vurdere verknader for folkehelse
- Nærmiljø: med særleg fokus på barn og unge sine oppvekstilhøve, bumiljø
- Naturmiljø: biologisk mangfald, vassdrag
- Omsynssoner: Naturmangfald
- Landskap: landskapsrom, landskapsestetikk
- Kulturminne og kulturmiljø
- Friluftsliv: tilgang til sjø, ferdsel, fiske
- Landbruk, fiskeri, havbruk
- Trafikksituasjon: tilkomst på dagens vegnett, snutilhøve
- Samfunnstryggleik: ras, flaum, trafikktryggleik, uheldig samlokalisering osv.

Det kan bli utgreidd fleire alternative lokalitetar som grunnlag for val av løysing.



## 4 Planprosess

### 4.1 Organisering

Det er sett ned ei arbeidsgruppe for planarbeidet knytt til kommunedelplan for vassforsyning og avløpshandtering i Fitjar kommune.

Arbeidsgruppa skal møtast ved viktige milepælar i arbeidet, og skal leggje fram forslag til saker til rådmannen som tek det vidare til politisk handsaming.

Arbeidsgruppa er samansett som følgjer:

- Rådmannenn
- Representantar frå Utval for plan og miljø
- Fagsjef tekniske tenester i Fitjar kommune
- VA-driftspersonellet i Fitjar kommune
- Leiar av Plan og utvikling i Fitjarkommune
- Stord Fitjar landbruks- og miljøkontor SFLMK
- Rådgjevar/sekretær for utarbeiding av planen.

Andre aktørar, til dømes kommunelege kallast inn når det er relevant. Norconsult er rådgjevar/sekretær for arbeidet og gir fagleg og administrativ bistand undervegs i prosessen.

Formannskapet er planmynde, og kommunestyret vedtek planen.

### 4.2 Medverknad

Kommunen (planmyndet) har ansvar for at det gjennom heile planarbeidet leggjast til rette for open og tilgjengeleg medverknad. Medverknaden skal rette seg mot alle som blir berørt av forslaga, herunder

- Innbyggjarane i kommunen,
- Statlege, regionale og kommunale mynde og offentlege organ,
- Private organisasjonar og institusjonar.

I planarbeidet skal ein ta omsyn til interessene til aktørar som blir berørte.

Ein legg opp til at det vert avhalde folkemøte undervegs i planprosessen, under høyringa av planforslaget. Dette vert annonserte i god tid.

Forslag til planprogram og forslag til plan sendast på høyring og leggast ut til offentleg ettersyn. Innspel til planarbeidet kan også sendast inn fortløpande.

### 4.3 Fasar i planarbeidet

- 1) Planprogram
- 2) Utarbeiding av endeleg plan.

Etter at planprogrammet er fastsett, vil arbeidsgruppa utarbeide eit planforslag som vert lagt fram for rådmann som legg saka fram for politisk handsaming i formannskapet.

Formannskapet handsamar planforslaget og legg dette ut på høyring. Høyringsuttalane vert administrativt bearbeida, og justert planforslag vert lagt fram for formannskapet og deretter til kommunestyret for endeleg godkjenning.

Forslag blir sendt ut til aktuelle høyringsinstansar. Det vert også annonsert i avisa Sunnhordland og på kommunen sine internettsider.

Innspel til planen vert deretter handsama, og planen blir revidert og endeleg vedteken i kommunestyret, eller den vert lagt fram til andre gangs høyring (dette ved vesentlege endringar etter første høyring).

### 4.4 Framdrift

Følgjande framdriftsplan er lagt til grunn for planarbeidet (Sjå Figur 2)

Målet er at kommunedelplan for vassforsyning og avløp skal vere klar for endeleg vedtak i kommunestyret hausten 2019.



Framdriftsplan for planprosess, Kommunedelplan for vassforsyning og avløp/vassmiljø i Fitjar kommune 2020-2030  
Pr. 2019-01-04

Aktivitet	2018												2019																
	9	10	11	12	1	2	3	4	5	6	7 (ferie)	8	9	10	11	12	1	2	3	4 (påske)	5	6	7 (ferie)	8	9	10	11	12	
Samle inn info samt oppstarts- møte, synfaring og målmøte																													
Utarbeiding av planprogram																													
Høyering av planprogram(6 veker)																													
Politisk handsaming -fastsetting av planprogram																													
Faglege vurderingar, løysingar/tiltak og prioriteringar																													
Utarbeiding av framlegg til plandokument m/tiltak og kostn.																													
Gjennomgang av plandokument og endeleg handlingsplan																													
Endelig planforslag med økonomidel																													
1. gongs politisk handsaming av plan																													
Høyering kommunedelplan																													
Vurdering av merknader/justering av planframlegg																													
2. gongs politisk handsaming og planvedtak.																													

Figur 2: Framdrift for kommunedelplanar for vassforsyning og avløp/vassmiljø